

# SAKSFRAMLEGG

## UTVALGSSAK

<b>Behandla av</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksansvarleg</b>
Hovudutval for utvikling	19.02.2013	020/13	STRARN

---

<b>ArkivsakID</b>	<b>JournalID</b>	<b>ArkivID</b>	<b>Saksbehandler</b>
13/106	13/910		Arne Straum

---

### Forslag til endringar i jordlova § 12 - høyring

#### Vedlegg:

<b>Dok. dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
18.02.2013	Hoeringsnotat.pdf	58545

#### Saksopplysninger:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut forslag om å gjera reglane for deling av landbrukseigedom enklare, på høyring. Høyringsfristen er sett til 7. mars 2013. Forslaga i høyringsutkastet er ei oppfølging av Stortingsmelding nr. 9 (2011 – 2012) om Landbruks- og matpolitikken (landbruksmeldinga) der Regjeringa mellom anna set fram forslag om å lempe på delingsføresegnene i jordlova. Endringane skal berre gjelda delingsføresegna.

Forslaga gjev kommunane eit vidare handlingsrom til å tillata frådelingar ut frå dei konkrete utfordringane som finst i området der eigedomane ligg. Det vert føreslege å oppretthalde søknadsplikta, men departementet vil endra fokus bort frå ein restriktiv forbodstanke. Utgangspunktet skal vera at deling kan tillast dersom det ikkje går ut over dei interessene delingsføresegna skal verna.

Der føremålet med delinga inneber at dyrka eller dyrkbar jord skal takast i bruk til andre føremål enn jordbruksproduksjon, føreslår departementet at delingssamtykke ikkje skal kunna gjevast før det er gjeve samtykke til omdisponering. Delingssamtykke skal heller ikkje kunna gjevast i dei tilfella der frådeling krev dispensasjon etter plan- og bygningslova.

Det vert føreslege å oppheva dei lovfeste vilkåra om at delingssamtykke berre kan gjevast dersom det ligg føre samfunnsinteresser av stor vekt, eller det er forsvarleg ut frå avkastinga eigedomen kan gje. Dette gjev kommunen eit større handlingsrom til å bruka lokalt skjøn. Vidare vert det føreslege at vurderinga av om det kan gjevast samtykke skal ta utgangspunkt i målet i jordlova § 1 om å ha ein tenleg, variert bruksstruktur. Sentrale moment i vurderinga skal vera om deling fører til ei driftsmessig god løysing, om deling gjev betre samsvar mellom eigedoms- og bruksstruktur, og omsynet til vern av landbruksressursane. Det kan også leggjast vekt på andre relevante forhold dersom det fell innanfor føremålet til jordlova.

Det vert føreslege at sjølv om kommunen ved avveginga ovanfor kjem til at samtykke til deling ikkje bør gjevast, skal kommunen ha høve til å dela frå dersom deling vil ivareta omsynet til busetjing i området. I tillegg føreslår departementet ein forskriftsheimel som skal gje høve til å fastsetja unntak frå delingsføresega. Heimelen vil gjelda frådelling av mindre areal i samband med grensejustering etter matrikkellova.

#### **Vurdering:**

Endringane legg opp til forenkling av reglane for deling av landbrukseigedom med meir fleksibel delingsbestemmelse som i større grad opnar for meir lokalt skjøen.

Det vert lagt opp til styrking av busettingsomsynet slik at det vert lettare å få frådelt bustadtomter og kårustader i distrikta.

Endringane vil føra til at det vert enklare å dela frå areal som tilleggsjord også der berre deler av landbruksarealet vert seld. Dette vil vera positivt for dei som er avhengig av tilleggsjord. Endringane vil føra til styrka jordvern i sentrale strøk. For distrikta vert utfordringane å leggja til rette for busetjing. Endringane vil også føra til at det vert klargjort kva rutine kommunen skal bruka ved behandling der ei sak skal behandlast både etter jordlov og plan- og bygningslov.

#### **Framlegg til vedtak:**

Vang kommune sluttar seg til dei føreslegne endringane i jordlova § 12.

**Saka vart behandla i Hovudutval for utvikling 19.02.2013**

#### **HU-020/13 Vedtak:**

Som framlegget, samrøystes.